

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



**Forum
Nye Bergensbanen**

Ein bane for framtida

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Saknr. 201200042 Dok.nr. 7

02 DES. 2013

Arkivnr. 822

Saksh. MVES

Eksp.

U.off.

PROTOKOLL

Årsmøte 19. november 2013

Møtestad: Highland Logde, Geilo

Tidspunkt: Kl. 11.45-14.30

I starten av møtet vart det servert kaffi/mineralvatn og rundstykke.

Medlemmer til stades på årsmøtet:

- Hordaland fylkeskommune: Fylkesvaraordfører Mona H. Hellesnes
- Buskerud fylkeskommune: Leiar for Hovudutvalet for samferdselssektoren Trond Johansen
- Bergen kommune: Politisk rådgjevar Reid Ivar B. Dahl
- Voss kommune: Ordfører Hans Erik Ringkjøb
- Hole kommune: Ordfører Per Berger
- Gol kommune: Ordfører Halvor Lilleslett
- Nes kommune: Varaordfører Kjell Ålien
- Hol kommune: Ordfører Tony Kjøl
- Ringerike kommune: Ordfører Kjell B. Hansen
- Ål kommune: Ordfører Ivar Brevik
- Flå kommune: Ordfører Tor Egil Buøen
- Aurland kommune: Ordfører Noralv Distad
- Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen
- Vaksdal kommune: Ordfører Eirik Haga

Trond Johansen, Buskerud fylkeskommune møtte med fullmakt frå fylkesordfører Morten Eriksrød.

Forfall:

Akershus fylkeskommune og Bærum kommune

Frå observatørane:

Arne Jæger, LO i Bergen og Hordaland

Andre som var til stades:

Regionrådet for Hallingdal, dagleg leiar Knut Arne Gurigard

Jernbaneverket, seksjonssjef Helge Bontveit

Ringerike kommune, fungerande regionkoordinator Sveinung Homme

Forum Nye Bergensbanen, sekretær Magnus Vestrheim

Møtestart

Seniorrådgjevar Ove Skovdahl, Railconsult heldt innlegg om jernbane der hovudtemaene var organisering og kapasitet, Ringeriksbanen og IC-utbygging, NTP 2014-2023 og Jernbaneverket sitt handlingsprogram, alternativ finansiering, internasjonal jernbaneutbygging og konkurranseutsetjing av persontransport på jernbane.

ÅM 01/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Mona H. Hellesnes føreslo å handsama forslag til uttale frå årsmøtet til Samferdselsdepartementet som ny sak.

Vedtak:

Innkalling og sakliste med tillegg til ny sak ÅM 09/13 Uttale til Samferdselsdepartementet vart samrøystes godkjent.

ÅM 02/13 Val av representantar til å underskriva protokollen frå årsmøtet

Mona H. Hellesnes føreslo Per Berger og Eirik Haga til å underskriva protokollen.

Vedtak:

Per Berger og Eirik Haga vart samrøystes valde til å underskriva protokollen.

ÅM 03/13 Godkjenning av protokoll frå årsmøtet 30.oktober 2012

Vedtak:

Protokollen vart samrøystes godkjent.

ÅM 04/13 Årsmelding

Trond Johansen peika på ein trykkfeil under kapitlet om Periode der årstalet 2019 skal vera 2013

Vedtak:

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent med den endringa at under kapitlet Periode skal årstalet 2019 rettast til 2013.

ÅM 05/13 Rekneskap 2012

Revisoruttale, dagsett 15. november 2013 var sendt ut på e-post 18. november 2013, dagen før årsmøtet.

Vedtak:

Rekneskap for 2012 saman med uttale frå revisor vart samrøystes godkjent.

ÅM 06/13 Budsjett 2014. Medlemskontingent

På AU-møte same dag som årsmøtet vart det vedteke ny innstilling til budsjett for 2014 der tilskot frå eksterne bidragsytarar på til saman 150.000,- kr. var erstatta med overføring frå egne fondsmidlar.

Trond Johansen peika vidare på at det må vera ein premiss at budsjettramma for 2014 skal ha eit 2-års perspektiv. Dette må sjåast i samanheng med sak 07/13 om handlingsplanen, jfr. punkt 5 i denne.

Vedtak:

Budsjett for 2014 med endring tilrådd i AU 19. november 2013 vart samrøystes godkjent.

ÅM 07/13 Handlingsplan 2012-2013. Revisjon.

Hans Erik Ringkjøb peika på at AU må ha høve til å vera meir aktive enn det handlingsplanen synest å leggja opp til om Vossebanen, og bad årsmøtet vera innforstått med det.

Trond Johansen føreslo med tilvising til punkt 5 Ressursbehov i handlingsplanen der det vert lagt opp til å tilsetja ny dagleg leiar fram til 31.12.2015, at planperioden vert endra til 2013-2015. Det må vidare vera ein føresetnad at handlingsplanen skal reviderast på årsmøtet hausten 2014.

Vedtak:

Handlingsplanen vart samrøystes godkjent med den endring at planperioden skal vera 2013-2015.

ÅM 08/13 Val

AU hadde innstilt på attval av alle fem medlemmene i utvalet med same leiar og nestleiar.

Vedtak:

Mona H. Hellesnes vert attvalt som leiar og Kjell B. Hansen som nestleiar i AU, begge for 2 år. Som dei andre medlemmene i AU vert Filip Rygg attvalt for 2 år og Trond Johansen og Hans Erik Ringkjøb for 1 år.

ÅM 09/13 Uttale til Samferdselsdepartementet


Mona H. Hellesnes la fram forslag frå AU til uttale frå årsmøtet til Samferdselsdepartementet . Uttalen vart omdelt ved møtestart for innspel til endringar. Uttalen med innarbeidde endringar vart deretter teke opp til avrøysting.


Vedtak:


Uttale frå årsmøtet til Samferdselsdepartementet vart samrøystes godkjent.

Uttalen ligg ved møteboka.

Ved møteboka


Magnus Vestrheim
Møteskrivar


Per Berger
Ordførar Hole kommune


Eirik Haga
Ordførar Vaksdal kommune